



Joker Torpo har blitt ein delvis sjølvbetent og døgnopen matbutikk heile veka. Det vart feira med talar og blautkake på fredag. Kundane Wenche Smestad og Magnhild Hagen er glade for utviklinga. Foto: Anna Huseby

## Feira døgnopen butikk: - No blir det ikkje så stress fem på åtte viss ein har gløymt noko!

**+** Kundane på Joker Torpo er i gang med å venje seg til ein ny kvardag. No kan dei handle når som helst på døgnet.



**Anna Huseby**

ah@hallingdolen.no

Publisert: 03.11.2024 04:10

Sist oppdatert: 11:30

Bli abonnent!



Joker Torpo har blitt ein delvis sjølvbetent og døgnopen butikk. Det vil seie at kundane kan handle når som helst på døgnet, sjølv om dei tilsette har gått heim for dagen.

Fredag hadde dei offisiell opning med besøk frå kjedeleinga, Merkur og ordførar.

Artikkelen held fram under annonsen.

## ANNONSØRINNHALD

SpareBankstiftelsen  
HALLINGDAL



Møtes for å spille populære spill som Fortnite, Counter-Strike og League of Legends.

### Håper flere foreldre får øynene opp for E-Sport tilbudet som finnes på Torpomoen

#### LES OGSÅ

No kan dei handle akkurat når dei vil: - Dei som installerte skiltet trudde me hadde skrive feil



Elevar frå Torpo skule hadde tatt turen for å bli med på feiringa.

– Målet med investeringa er at fleire handlar og at handelen aukar. I andre butikkar har dei auka omsetninga med 10-20 prosent på denne måten, sa styreleiar Per-Egil Kolsrud.

## God hjelp

Tiltaket er støtta økonomisk av Ål kommune og Merkur, som også hadde representantar på plass for høvet. Etter talar og snorklipping, trakk gjestene inn for å få servert kaffi og marsipankake. Nokre gjekk rett i gang med helgehandelen i same slengen.

### LES OGSÅ

**No sel han eigeidomen: - Alle blir eitt år eldre for kvart år som går**



– Eg har ikkje kome heilt inn i kassa enno, for det er ganske nytt for meg. Men eg får veldig god hjelp. Mikael brukar å stå ved sida av meg, seier Magnhild Hagen og peikar på ein trufast tilsett.

– Du klarte deg veldig fint sist gong, svarar han.



Tilsett Mikael Haugen og dagleg leiar Oddrun Ekrene fekk blomar under opning fredag morgon. Foto: Anna Huseby

## Mindre stress

Hagen bur like ovanfor butikken og har alt registrert at det kjem bilar på kveldstid når dei tilsette har gått heim.

– *Kva tenkjer du som kunde om at butikken no er døgnopen?*

– Det er jo veldig bra. Eg trur det kan føre til endå meir omsetning, seier Hagen sjølv om ho ser for seg å halde fram med å handle på dagtid.

Artikkelen held fram under annonsen.




F

S  
g  
h  
n  
n

– Det er fint at det er opent utover kvelden. Då blir det ikkje så stress klokka fem på åtte viss ein har gløymt noko, legg Wenche Smestad til.



Sjølvsagt må ein ha marsipankake på den store opningsdagen! Foto: Anna Huseby



Dette er noe som kan heve matbudsjettet betraktelig.

## Fire tips for å kutte i matutgiftene

Det kan være vanskelig å finne måter å spare penger på dagligvarer når det florerer av tilbud i butikkene. Her er noen tips.

NYHEITER

ØKONOMI

VAREHANDEL

TORPO

